



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sondre Kaastad Sørsdal, 55 57 23 04

Søknad etter forureiningslova frå Engebø Rutile and Garnet AS for tiltak i sjø ved Engebø i Sunnfjord kommune. Ber om uttale innan 17. oktober 2023.

Om tiltaket

Engebø Rutile and Garnet AS søker om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved gnr./bnr. 431/3, 431/6, og 431/10 i Sunnfjord kommune. Tiltaka i sjø er ifølge tiltakshavar i samsvar med gjeldande¹ reguleringsplan for området.



Figur 1. Dronebilette over tiltaksområdet og illustrasjon av fjellmassane som skal sprengast.

Dei omsøkte tiltaka omfattar sprenging i sjø av ca. 1 300 m³ innanfor eit areal på ca. 215 m² for å ferdigstille eit blandekammer i samband med etablering av prosesseringsanlegget på eigendomen. Dei utsprengde massane skal nyttast til å planere ut ei flate under vatn som skal anvendast til avgangssystemet til Engebøprosjektet. Det er ca. 430 m³ av dei utsprengde massane som skal nyttast til planering.

¹ Detaljregulering for utvinning av rutil i Engebøfjellet, sist endra 1. juli 2021. Plan ID 4647-143320180049




Føremålet med tiltaka er å etablere området for sikker og effektiv tilgang til avgangssystemet med rørføringar, som er ein viktig del av mineralprosesseringsanlegget på Engebø. Avgangssystemet med metodikk for å minimere partikkelspreiing er ein del av godkjent utslippsløype og avfallshandteringsplan frå Miljødirektoratet.



Figur 2. Raudt kvadrat viser kammer som allereie er sprengt, og går ned om lag -10 meter. Blått kvadrat viser flaten som denne søknaden omfattar. Den skal sprengast ned til -12 meter for så å etablere ei flate på -10 meter der det skal etablerast infrastruktur knutt til utslippssystemet. For å knyte det raudte og det blå området saman, skal det grønne arealet også sprengast ut.

Det er gjennomført dykkarundersøking på tre lokalitetar rundt tiltaksområdet. Videoane tekne med ROV syner typisk og forventa botnflora på botnen der fyllinga skal etablerast. Det vart ikkje avdekka framande art eller raudelista artar. Overflatesedimenta er dominert av sand, grus og stein.

Det er registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk ved tiltaksområdet. Det er òg registrert større tareskogfjørekomstar ca. 1 300 meter aust for tiltaksområdet. Nær tiltaksområdet er det òg registrert fiskeplassar med passive og aktive reiskap, sjå figur 3.



Figur 3. Kart over gyteområde, område for større tareskogfjørekomstar, og fiskeplassar for aktive og passive reiskap.



Planlagde avbøtande tiltak ifølge søknaden:

- 1) Sprengning hovudkammer før det punkterast mot sjø
- 2) Forseinking på salve
- 3) Låg ladning på salve.
- 4) Skremmesalver
- 5) Sprengning utanfor gytesesong
- 6) Grave vekk sediment før sprenging
- 7) Optimalisert sprenging (sprengstoff mot danning av finstoff)
- 8) Elektroniske tennarar
- 9) Sjå etter og plukke opp plast som flyt til overflata

Tiltaket skal overvakast med ein online turbiditetsmålar som allereie er utplassert 380 meter aust for tiltaksområdet.

Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket er frå november 2023 til desember 2023.

Mudring og sprenging i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 22 frå Statsforvaltaren når arbeida skjer frå skip.

Ber om eventuelle uttaler innan 17. oktober 2023

Statsforvaltaren ber om uttale frå Sunnfjord kommune om tiltaket er i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova. Vi ber Bergens sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget om å vurdere tiltaka ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om eventuelle merknadar til vedlagte søknad, snarast og seinast innan fire veker (17. oktober 2023). Dersom de ikkje har merknader set vi pris på om dykk gir beskjed om det. Uttaler kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2022/11351.

Søknaden blir publisert på <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>. Der finn dei alle vedlegg til søknaden.

Med helsing

Vilde Omholt
rådgjevar

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om mudring - Engebøprosjektet.pdf
- 2 No 1 Sweco 2023 Notat - vurdering av forurensning ved Engebø.pdf
- 3 No 4 DNV 2022 - GRUNNTVANNSUNDERSØKELSE ENGJABØNESET - PRELIMINÆRE RESULTATER.pdf
- 4 No 6 Sweco (2022) - Miljørapport Sedimentundersøkelser Engebø.pdf



Kopi til:

ENGEØ RUTILE AND GARNET AS

Hafstadvegen 34 6800 FØRDE

ENGEØ RUTILE AND GARNET AS v/Kenenth Nakken Angedal

Mottakerliste:

STIFTELSEN MUSEUM VEST	Lyngneset 2	5302	STRUSSHAMN
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboës gate 8	0183	OSLO
NATUR OG UNGDOM	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
FISKERIDIREKTORATET BERGEN	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
SØR-NORGES FISKARLAG	Postboks 936	6001	ÅLESUND
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE